

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
120/14	Plan- og miljøutvalet	PS	01.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/6596

## **Oppstart og høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad**

### **Vedlegg:**

Planprogram for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad

I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek plan- og miljøutvalet oppstart av Kommunedelplan for massehandtering – Lindåsneset med Mongstad og sender planprogram for kommunedelplanen på høyring.

### **Plan- og miljøutvalet - 120/14**

#### **PM - behandling:**

#### **Fellesframlegg:**

#### **Tillegg til rådmannen sitt framlegg:**

*Plan- og miljøutvalet ber rådmannen ta ein gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplaner innanfor området.*

*Plan- og miljøutvalet ber at rådmannen presiserer planavgrensninga og ber at følgjande setning i innleiinga i kap.4 slettast "Kommunedelplan -> Mongstad".*

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

Plan- og miljøutvalet ber rådmannen ta ein gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplaner innanfor området.

Plan- og miljøutvalet ber at rådmannen presiserer planavgrensninga og ber at følgjande setning i innleiinga i kap.4 slettast "Kommunedelplan -> Mongstad".

I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek plan- og miljøutvalet oppstart av

Kommunedelplan for massehandtering – Lindåsneset med Mongstad og sender planprogram for kommunedelplanen på høyring.

## **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i plan- og miljøutvalet

## **Bakgrunn**

I kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er det lagt ut store næringsareal knytt til Mongstad, både på nord- og sørsida av Litlåsåsen og fv 57. Mongstad er no peika ut som ny hovudbase for Statoil sine offshoreaktivitetar, noko som medfører ei større flytting av både baseverksemdar og aktivitetar frå mellom anna Ågotnes og Florø. I tillegg kan ein forvente at også ulike støtteverksemdar til desse baseaktivitetane vel å etablere seg på Mongstad i denne samanhengen. Andre prosjekt som kan medføre behov for plassering av overskotsmassar er etableringa av ny oljerørleidning frå Johan Sverdrup-feltet i nordsjøen, etableringa av ny kraftline Mongstad-Kollsnes inkludert ny trafo-stasjon og elles vanleg utvikling av næringsområder innanfor kommunedelplanen.

Auken i aktivitetane på Mongstad gjer at behovet for utbygging av store nye areal til industri og næring melder seg i nær framtid. I tillegg er det store framtidige næringsareal som er sett av i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad. I dei aktuelle utbyggingsområda er anslått at det kan vere om lag 6 mill. m<sup>3</sup> jordmassar som må omdisponerast som følgje av utbygging. Det store omfanget tilseier at det må etablerast fleire faste jord-deponi i nærleiken av Mongstad.

Den planlagde utbygginga av næringsområda er i tråd med den gjeldande kommunedelplanen, men verken kommunedelplanen eller reguleringsplanane som har regulert næringsområda har teke stilling til korleis massane skal handterast og har deponert dette ansvaret til den enkelte byggesaka. Tanken bak dette har truleg vore at det vil kome ei stykkevis utbygging av dei aktuelle felta og at ein skulle kunne handtere eventuelle overskotsmassar frå sak til sak. I dag står ein ovanfor ein situasjon der store næringsområde kan kome til å verte bygd ut innanfor ein avgrensa periode og det er soleis behov for ei overordna koordinering for å få plassert overskotsmassane på ein føremålstenleg måte.

## **Mål for arbeidet**

Det skal utarbeidast ein kommunedelplan for handtering og flytting av massar på Lindåsneset med Mongstad. I utgangspunktet er det i stor grad reine massar som skal flyttast på frå området, då det er snakk om massar som ikkje har vore berørt av næringsaktivitet eller anna ureining. Korleis dei ulike massane som skal takast ut for å etablere næringsaktivitet er eit viktig moment for planarbeidet. Det er eit mål at så mykje som mogleg av massane skal kunne nyttast til landbruksjord og andre

fornuftige føremål, slik at minst mogleg av jorda vert plassert i deponi og ikkje vert nytta vidare.

Det er vidare ei målsetting om at ein gjennom kommunedelplanen skal legge føringar på ikkje berre kvar massane skal og kan plasserast, men også tek stilling til korleis massane skal handterast frå uttak til deponering enten som massar til jordforbetringstiltak eller i deponi med moglegheit for å ta ut massane att ved ein seinare anledning. Det vil vere viktig å få på plass gode føresegner som sikrer denne gjennomføringa.

Det vert elles presisert at føremålet med reguleringsplanen kun er å finne plassering for overskotsmassar frå utbygginga av næringsområda og ikkje ei revidering/rullering av føremål i eksisterande kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.

Planavgrensinga for kommunedelplanen er satt med bakgrunn i at ein ynskjer å sjå på eit større område der ein kan køyre til massar til jordforbetringstiltak, samstundes som ein vil søke å finne lokasjonar for meir permanente deponi nærare uttaksområda på Mongstad.

## **Planprosessen**

Planprosessen startar opp i samband med at planprogram vert sendt ut på høyring og det vert meldt oppstart på planarbeidet. Det vil bli etablert ei politisk styringsgruppe for planarbeidet, denne vil truleg vere plan- og miljøutvalet. Vidare skal det haldast folkemøte både i samband med høyringa av planprogrammet og i samband med høyring av sjølve planframlegget når dette er klart. I tillegg vil både planprogram og planframlegg verte kunngjort etter gjeldande retningslinjer.

## **Viktige utfordringar og problemstillingar i arbeidet**

Det er store næringsområde som er sett av til næringsføremål på Mongstad, og ein viktig del av planarbeidet blir å fastsette grovt omfanget av massane som skal handterast framover. Det er i hovudsak myr og skogsjord som skal flyttast på, og det vil bli ei utfordring å avklare djupne ned til fast fjell og meir detaljert innhaldet i massane. Dette for å fastsetje korleis vidare handtering av massane kan bli. I tillegg vil det bli viktig å kombinere denne informasjonen med sannsynleg utbygging av næringsområda på Mongstad, slik at ein kan legge til rette for riktig plassering av dei ulike massane til ritig tid.

Plasseringa av massane vil naturleg verte ei viktig problemstilling i arbeidet. Det må lokaliserast både område for faste deponi og område der ein kan plassere massar for jordforbetringstiltak innanfor landbruket. Det er i utgangspunktet satt ei målsetting om at mest mogleg av massane skal brukast til landbruksjord, med eit arbeidsmål på minimum 10 %. Endeleg minimumskrav som skal nyttast til landbruksjord vert fastsett i planframlegget. I tillegg ynskjer ein at mesteparten av massane skal ha kort reiseveg, helst innanfor grensene til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Samstundes ser ein for seg at ein kan akseptere lengre transportavstandar dersom massar kan nyttast til landbruksføremål. Utover dei massane som vert plassert til landbruksføremål, vert det viktig å finne eigna stader for meir faste deponi. Det vil som tidlegare nemnt bli viktig å finna gunstige lokasjonar for deponia som er nærast mogleg uttaksstadane for massane.

Dei ulike massane som skal takast ut av området vil ha ulike eigenskapar og det vil bli ein viktig del av

planarbeidet å vurdere kva massane skal og kan nyttast til. Det er forska lite på omdanning av myrjord til landbruksjord, men det er eit mål undervegs i planarbeidet å sjå på kva moglegheiter som finst og om ein kan nyttiggjere seg av desse i Lindås. I tillegg vil det vere fokus på handsaming av dei ulike massane innad i dei meir permanente deponia og ei utfordring vil vere å identifisere metodar for å lagre massane på ein slik måte at desse kan hentast ut att på eit seinare tidspunkt og resirkulerast.

Vidare vil det verte utarbeidd ROS-analyse og konsekvensutgreiing for dei ulike områda som vert identifisert gjennom kommuneplanprosessen.

## **Framdrift**

På bakgrunn av at arbeidet med kommunedelplanen i stor grad er utløst av den auka næringsaktiviteten på Mongstad, og resultatene i kommunedelplanen vil vere viktige for at mellom anna flyttinga av hovudbaseaktivitetane til Statoil skal kunne gå som planlagt, er framdrifta for planarbeidet satt med målsetting å vere ferdig med kommunedelplanen sommaren 2015. Dette fordrar at ein er klar med planprogrammet i løpet av hausten 2014 og kjem i gang med planarbeidet seinast rundt årsskiftet 2014-2015.